



STERKARE FELLESSKAP

PARTIPROGRAM 2019-2023

Austevoll Arbeidarparti



Kvifor skal du stemma på Anja og Arbeidarpartiet i Austevoll?

Arbeidarpartiet trur på sterkare fellesskap fordi det betyr tryggleik og fridom for alle!

Arbeidarpartiet har saman med Høgre styrt Austevoll sidan 2015. I denne perioden har me sett klare sosialdemokratiske fotavtrykk i politikken me har ført. Mellom anna har me vedtatt å ta pleieomsorgstenestene tilbake i kommunal drift, og gjort tiltak mot barnefattigdom.

No går me til vidare kamp mot ulikheit og urettferdigheit. Det vil me mellom anna gjera ved på

satsa på ein **god og inkluderande oppvekst for alle barn** i Austevoll, **god kvalitet i eldreomsorga** og ved å arbeida vidare for eit trygt og ansvarleg arbeidsliv, **der faste heile stillingar** er regelen.

Anja Heggholmen har vore varaordførar i fire år, og er ordførarkandidaten vår. Ho brenn for likestilling og heile stillingar i kommunal sektor. Ho brenn for ein næringspolitikk som satsar strategisk på dei områda der vi har spesielt gode føre for å lykkast, som offshore, fiskeri og havbruk. Anja er født i 1968 på gamleheimen på Storebø, oppvaksen i Heimark, gått på barneskulen i Kolbeinsvik og på ungdomsskulen på datidas Eidsbøen. Har sidan 1991 vore busett i Bekkjarvik, og har dei siste 20 åra jobba hos DOF Management AS på Storebø.

Les programmet vårt, då vel! Og godt val!



Ein god skule for alle

Skulen er den viktigaste fellesskapsarenaen me har. I Austevoll skal me ha ein skule som tek trivnad, læring og folkehelse på alvor. Då må skuledagen vera variert, utfordrande og innehalda fysisk aktivitet. Me vil prioritera god bemanning i skulen, og helda fram *tidleg innsats*-satsinga. Lesing legg grunnlaget for vidare læring, og elevar som likar å lesa blir godt rusta. Difor vil me prioritera lesing i alle fag og skulebibliotek.



Lærarane er ansvarlege for det pedagogiske innhaldet i skulen, likevel er det viktig med eit godt skule-heim-samarbeid. Som Arbeidarpartiet sentralt, meiner me ein debatt om bruken av heimelekser bør takast. Dessverre opplever nokon elevar å bli mobba i Austevollskulen. Me vil skjerpa innsatsen mot mobbing i skulen. Det må vera nok vaksne, det må vera enkelt å melda frå, og det må få tydelege konsekvensar når mobbing blir avdekkja. Me har alle, som medmenneske, eit ansvar for å ta eit oppgjør når me ser at mobbing skjer. Me vil også utgreia innføring av gratis SFO for dei lågaste trinna, fordi SFO for alle er eit viktig inkluderingsiltak, som i dag er kostbart.



Austevoll Arbeidarparti vil:

- halda fram fokus på tidleg innsats, og sikra god bemanning i skulen
- styrka skulebiblioteka
- styrka samarbeidet mellom folkebiblioteket og skulane
- servera sunn mat i skulen og utvida skulelunsjordninga til fleire trinn – alle elevar i løpet av perioden
- utgreia gratis SFO for dei lågaste trinna
- tilby gratis SFO til barn med nedsett funksjonsevne frå 5. - 7. trinn
- gjera tiltak for eit inkluderande miljø i skulen, ha nulltoleranse for mobbing, og innføra ein digital mobbknapp på heimesida til skulen for å enkelt kunna melda frå.



Barnehagar, helsestasjon og barnevern



I dag er alle barnehagane i kommunen private. Private barnehagar har vore avgjerande for å få full barnehagedekning, og kommunen samarbeidar godt med barnehagane. Dette skjer gjennom helsestasjonen, spesialpedagogisk team i barnehagane, og i overgang mellom barnehage-skule. Me er opptekne av at barnehagane må ha god bemanning, og nok utdanna pedagogar. Me meiner den neste barnehagen i Austevoll skal vera kommunal. Det er viktig å ha kompetanse, men også økonomisk styring på ei så viktig teneste.

Helsestasjonen gjer eit viktig arbeid frå jordmortenesta til skulehelseteneste på vidaregåande. Me vil oppretthalda helestasjonen sitt viktige førstelinjearbeid.

Me har styrka barnevernet og ser på dette som ei svært viktig teneste, som treng tilstrekkeleg med ressursar til å gjera arbeidet.

Austevoll Arbeidarparti vil:

- innføra søskenmoderasjon for familiar som har barn i både SFO og barnehage
- planlegga bygging av kommunal barnehage så snart behovet melder seg
- vidareføra helsestasjonen si oppfølging i barnehagane og prosjektet «god helse – felles ansvar» som rettar seg mot overvektspromblemattikk hos barn.
- støtta barnevernet og helsestasjonen sitt arbeid i kampen mot vald og overgrep mot barn, og støtte til familiar som treng det


Gode og framtidsretta pleie- og omsorgstenester

Arbeidarpartiet er garantisten for at pleie- omsorgstenestene blir drifta i kommunal regi. Dette er ei kommunal oppgåve. Dei neste åra vil talet på eldre og pleietrengande auka. Difor må me jobba førebyggjande. Trening og tilrettelegging i heimen blir stadig viktigare. Alle innbyggjarar i Austevoll skal oppleva god livskvalitet og tryggleik i kvardagen.



Austevoll Arbeidarparti vil:

- vera i front i bruk av velferdsteknologi
- servera god, sunn og fersk mat til eldre og pleietrengande
- jobba førebyggjande med opptrening og trening i heimen
- prioritera tannhelse hos eldre og pleietrengande
- oppretthalda gode aktivitet- og kulturtilbod til dei eldre i kommunen
- forplikta seg til å bli ein demensvenleg kommune
- jobba for gode bu-tilbod for menneske med nedsett funksjonsevne i heile kommunen
- leggja til rette for kompetanseheving i kommunal regi og støtta søkararar til desentralisert sjukepleiar- eller vernepleiarutdanning
- innføra læreplassgaranti i helsefagarbeidarfaget



Eit trygt og godt arbeidsliv




Kommunen skal vera ein attraktiv, føreseieleg og seriøs arbeidsgivar. Kommunen skal satsa på faste, heile stillingar og rett kompetanse. Det krev ein god personalpolitikk, der regelen er heile stillingar, altså *heiltidskultur*, og der det er mogleg for tilsette å heva kompetansen sin. Me meiner kommunen må vera ansvarsmedviten når ein kjøper varer og tenester, og at ein sett krav om seriøsitet i anbod ved å til dømes krevja tariffavtale og bruk av lærlingar når kommunen er oppdragsgivar.

Austevoll Arbeidarparti vil:

- prioritera heile, faste stillingar i nytilsetjingar
- ta reinhaldstenestene tilbake til kommunen
- ha seriøsitetskrav i kontraktar og anbod
- ta inn minst to lærlingar per 1000 innbyggjar i læreplassar kommunen kan tilby
- vurderer innføring av prosjektet *Menn i helse – eit statleg prosjekt som er retta mot menn mellom 25-55 år*
- støtta vidareutdanning der kommunen treng kompetanse
- innføra læreplassaranti for elevar som tek helsefagarbeidarutdanning

Betre ferje, snøggbåt og busstilbod



Som øy-kommune er me avhengig av ein stabil og god kollektivtrafikk. Både rutetilbod og prisnivå er viktig. Kollektivtrafikken er eit fylkeskommunalt ansvar, men som kommunepolitikarar må me alltid jobba inn mot fylket, Vegvesenet og Stortinget for å belysa våre utfordringar. Me treng eit stabilt og trygt ferjetilbod, betre busstilbod og rimelegare snøggbåt.

Austevoll Arbeidarparti vil jobba for:

- reduserte ferjeprisar og på sikt gratis ferje
- fleire stopp for snøggbåten i Bekkjarvik
- å koma inn i Bergen si kollektivsone
- betre rutetilbod og nattferje
- å få tiltaket “hentmeg” i Austevoll. Det går ut på at ein bestiller buss når ein treng det, og erstattar ordinære bussruter utanom skulerutene og bybussen. Dette gjev moglegheiter for eit betre og meir fleksibelt kollektivtilbod for distriktskommunar.

Trygge vegar for alle i Austevoll

Vegnettet i Austevoll er utdatert og trafikkfarleg. I denne perioden har kommunestyret vedteke «Austevollpakken». Den er også nemnd i regional transportplan. I åra som kjem blir det viktig å prioritera kva for strekningar som skal rustast opp, og få i gang arbeidet. Vår første prioritet er utsette strekningar der barn og unge ferdast. Me meiner alle elevar som bur innanfor 4 km frå skulen skal kunna sykla eller gå trygt. Dette er også eit godt folkehelseiltak.

Austevoll arbeidarparti vil arbeida særskilt for desse strekningane i «Austevollspakken»

- Vegen over Storebø
- Solesvik - Fagerbakkevågen
- Brua i Torangsvågen - Bakkasund
- Eido
- Bjellandshalsen
- Parkeringstilhøve på Hufthamar

Austevoll Arbeidarparti vil:

- prioritera «hjartesoner» rundt skulane, slik at barna kan ferdast trygt
- få Austevollpakken vedteken i Fylke og Storting
- starta vegutbetring i løpet av perioden



Folkehelse og førebygging



meir fysisk aktivitet i skulen, og utviding av ordninga med skulelunsj til fleire trinn. Me



Folkehelse er viktig for alle. Me ynskjer å halda fram det gode folkehelsearbeidet som har blitt sett i gong dei siste åra, mellom anna vidare utbygging og støtte til turstiar. Dette gjev mange eldre lettare tilgang til naturen. Eit anna viktig folkehelseiltak er å syta for at barn og unge får vera fysisk aktive og utviklar sunne matvanar. Difor vil me satsa på meir fysisk aktivitet og sunn mat for eldre i institusjon og menneske med nedsett funksjonsevne.

Austevoll Arbeidarparti vil:

- fremja folkehelse for alle i kommunen
- halda fram satsing på turløyper
- byggja gang- og sykkelstiar
- støtta at helsestasjonen sitt førebyggjande arbeid i barnehagane kan fortsetja
- styrka fokuset på fysisk aktivitet og sunn mat i eldreomsorga, skular, og for menneske med nedsett funksjonsevne

Kultur, idrett og frivillig sektor



Austevoll har mange engasjerte innbyggjarar som brukar utallige timar av fritida si på frivillig arbeid innan kultur, idrett, ungdomsarbeid m.m. Dette arbeidet er avgjerande for å kunna tilby både barn, unge og befolkninga elles gode sosiale arenaer, samhald og opplevingar av meistringar. Gode oppvekstvilkår for barn og ungdom, bidreg til betre folkehelse, og gjer Austevoll til ein attraktiv plass å bu og arbeida. Gode støtteordningar og låg kontingent er viktig for å gjera fritidstilbod tilgjengeleg for alle.

Austevoll Arbeidarparti vil:


- halda fram støtteordningane til idrettslaga, kulturlivet og frivillige organisasjonar
- styrka og prioritera jamleg vedlikehald av kommunale idrettsanlegg
- jobba for at ungdommar og eldre har ein uformell, gratis treffstad, og støtta organisasjonar som arbeidar for dette formålet
- innføra utstyrsbibliotek i kommunen der ein kan låna m.a. sports- og fritidsutstyr
- støtta eit forprosjekt som viser korleis me kan få til ein kulturarena i Austevoll
- halda kontingenten lågast mogleg i kulturskulen.
- satsa vidare og utvikla biblioteket og frivilligsentralen som viktige møtestadar.

Klima og miljø

Austevoll kommune skal bli ein føregangskommune som tek klima og marin forsøpling på alvor. Me vil føra ein offensiv og berekraftig klima- og energipolitikk. Austevoll kommune må vera ein pådrivar inn mot SIM for enda fleire moglegheiter for sortering av avfall i heimen. Austevoll kommune er i gang med å kutta ut unødig plastemballasje. Dette er eit område me vil prioritera i åra som kjem. Austevoll arbeidarparti ynskjer at naturen er og blir ein fin møttestad utan boss og tilgrising. Me ynskjer at kommunen tek større ansvar gjennom informasjons- og haldningsarbeid og at det blir fleire kommunale bosspann på offentlege stader.

Austevoll Arbeidarparti vil:

- leggja betre til rette for gåande og syklande
- kutta ut bruk av unødig eingongsplast i alle kommunale einingar, og ha klimakrav i kommunen sine anbod
- halda fram med strandryddeaksjonar der skular, frivillige, kommunen og næringsliv deltek
- bruka el-bilar i kommunen sine tenester, og vurdere kommunale el-syklar der dette er eigna.
- syta for skilting , og oppmoding om å halda det reint
- syta for at det vert enklare å bli kvitt avfall på offentleg stad og ved turstiar der mange ferdast.



Næringspolitikk i Austevoll

Austevoll er ein distriktskommune der næringslivet vårt leverer verdiskaping i verdsklasse. For Austevoll Arbeidarparti handlar næringspolitikk om å satsa strategisk på dei områda der me har spesielt gode føresetnader for å lukkast. Offshore, fiskeri og havbruk er definitivt blant desse, men også reiseliv. Lokaleigde selskap byggjer gode samfunn, og det vert produsert enorme verdiar til gode for fellesskapet.




Austevoll Ap har i førre periode støtta arbeidet med å formalisera prosjektet Blått kompetansesenter. Blått kompetansesenter skal vera eit innovasjons- og kunnskapssenter som samlar næringsliv, forskarar og studentar frå maritime og marine næringar. Det er eit viktig prosjekt både lokalt og nasjonalt. Dette bevara og utvikla dei gode forskingsinstitusjonane me har i kommunen, og skapa gode arenaer for samarbeid mellom aktørar i Austevoll og i regionane rundt.

Austevoll Arbeidarparti vil:

- leggja til rette for næringsutvikling og reiseliv gjennom ein god kommuneplan og dialog med næringsaktørar og innbyggjarar
- sjå blått kompetansesenteret realisert i Austevoll
- støtta tiltak som fremjar bruk av lokale handel- og servicebedrifter

Fokus på vedlikehald og reinhald



Kommunen har fått mange, flotte nye, kommunale bygg dei siste åra. No blir det viktig å ha fokus på det jamlege vedlikehaldet. Dette vil svara seg i det lange løp. Reinhold er eit av dei viktigaste miljøtiltaka du kan ha på ein arbeidsplass. Me meiner reinholdarane og vaktmeistrane skal vera tilsett i kommunen, og tilknytt arbeidsstaden der dei gjer storparten av arbeidet sitt. Me meiner også at kommunen må ha ein fast person til å fylgja opp idrettsanlegga, for å unngå vedlikehaldsetterslep. Me meiner det er viktig å ha eigarskap til arbeidsstaden, og å høyra til i kollegiet.

Austevoll Arbeidarparti vil:

- at reinholdarane og vaktmeistrane skal vera tilsett i kommunen og tilknytt den arbeidsstaden der dei gjer storparten av arbeidet sitt.
- ha fokus på eit jamleg vedlikehald i alle kommunale bygg
- få til eit betre system til å fylgje opp vedlikehald av idrettsanlegga

Menneske med nedsett funksjonsevne

Det er viktig for Austevoll Ap å jobba for at menneske med nedsett funksjonsevne får eit godt tilbod av kommunen. Dette gjeld både bu-, arbeid- og aktivitetstilbod. Kommunen må ta ei aktiv rolle i å bygga nok bustader tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. Ap har i denne perioden bestilt og fått fleirtal for ein bustadsosial handlingsplan. Kommunen må også bida til å sikra eit godt fritidstilbod. Dei neste åra er det viktig å styrka rekrutteringa av både støttekontaktar og avlastarar, og at kommunen går aktivt og spesifikt ut. I tillegg må me jobba for å ha kvalifisert personell av både fagarbeidarar og vernepleiarar, og leggja til rette for desentralisert utdanning, for dei som ynskjer det.

Austevoll Arbeidarparti vil:

- styrka innsatsen for kompetanseheving til tilsette og rekruttera fleire med vernepleiarutdanning
- at pårørande til menneske med nedsett funksjonsevne får god rettleiande informasjon om kva rettar og tilbod dei har
- at menneske med nedsett funksjonsevne skal få eit godt bu-, arbeid-, og aktivitetstilbod.
- styrka rekrutteringa av støttekontaktar og avlastarar.



Rus og psykisk helse



Psykiske helseproblem rammar alle delar av befolkninga. Nokre har behov for hjelp frå helsetenesta. Austevoll arbeidarparti vil arbeida for eit verdig og kvalitetsmessig godt tilbod innan psykisk helse, med psykolog til både unge og vaksne. Det førebyggjande arbeidet mot barn- og unge er viktig, men det er også viktig med fagfolk som kan behandla.

Austevoll Arbeidarparti vil arbeida for ein forsvarleg og verdig rusomsorg, og jobba for betre levekår for personar med rusproblem. Me vil støtta bruk av erfaringskonsulentar for å styrka brukar- og pårørandekunnskapen i tenesteområda rus- og psykisk helse.

Austevoll Arbeidarparti vil:

- gje eit forsvarleg og verdig tilbod innan rusomsorg
- betra levekåra for personar som har rusproblem
- nytta erfaringskonsulentar i arbeid med rus- og psykisk helse
- sikra psykolog i kommunen til både unge og vaksne

Ein god integrering- og innvandringspolitikk

Det er avgjerande at flyktningar og andre innvandrarakar blir tekne godt imot, lærer språket og kjem seg i jobb fort. Me ynskjer at introduksjonsprogrammet for flyktningar skal ha enda større fokus på å koma raskt i arbeid. I Fjell kommune har ein prøvd ut ei ordning, “fast-track”, der introduksjonsstønadene blir brukt til prosjektstillingar i kommunen, i staden for tradisjonelt toårig introduksjonsprogram. Dette ynskjer me å prøva ut i Austevoll. I tillegg er det viktig med eit tilstrekkeleg tilbod om språkopplæring til arbeidsinnvandrarakar.




Austevoll Arbeidarparti vil:

- jobba for å få “fast track” i introduksjonsprogrammet for å få fleire raskt i arbeid.
- tilby vidare språkkurs også til arbeidsinnvandrarakar og familie
- ha fortsatt god dialog med næringslivet om språk- og arbeidspraksis



Kommuneøkonomi, og effektiv kommunal drift



Austevoll kommune har høge frie inntekter, og det gjer at me har ein romsleg økonomi, samanlikna med andre kommunar. Me har høge kostnader samanlikna med andre kommunar, og Austevoll Ap ynskjer eit kontinuerleg arbeid med å drifta tenestene våre økonomisk, samstundes som me skal ivareta lovpålagde oppgåver på eit høgt fagleg nivå. Det er mellom anna viktig med føreseieleg sakshandsaming av plan- og byggesaker. Dei siste åra har lånegjelda til kommunen auka på grunn av naudsynte investeringar i skular, eldrebustader og kommunehus.

Austevoll Arbeidarparti vil:

- føra ein ansvarleg styring av økonomien.
- ha auka merksemd på nedbetaling av gjeld
- ha streng budsjett disiplin i alle einingar
- ha fokus på effektivitet i plan- og byggesaker

Våre ungdommar



Korleis ynskjer du som stemmer for fyrste gong at Austevollssamfunnet skal vera dei neste fire åra? Austevoll Ap har eit eige ungdomslag, AUF. Dette er ein stad der du som ungdom kan venda deg med det du er oppteken av. Saman med AUF har me gjort fleire ting som har komme ungdommar i Austevoll til gode dei siste fire åra. Me har blant anna tatt initiativ til at me skal ha eit ungdomsråd, og prioritert barn og unge i budsjetta.

Me ynskjer at det skal vere mogleg å bu i Austevoll også i studietida for dei som ynskjer det. Då må kollektivtilboda og pendlarmoglegheitene vere gode og rimelige. Vestland Ap går inn for å auke aldersgrensa på ungdomskortet til 23 år. AUF ynskjer å innføre tilbodet “trygt heim”, som hovudsakleg handlar om at ungdom mellom 16-24 år kjem seg trygt heim om natta.

Austevoll AUF vil:

- ha gode og rimelege kollektivtilbod og pendlarmoglegheita slik at det skal vere mogleg å bu i Austevoll også i studietida for dei som ynskjer det.
- styrka helsesjukepleiartenesta i skulen.
- sikra eigen psykolog til barn og unge
- ha trygge skuleveggar.
- betra fritidstilbod for ungdom
- innføre tilbodet “trygt heim”
- utvida gratis prevensjonsordning
- satsa på digitale-verktøy i skulen

Nokre viktige saker me har fått gjennomslag for sidan 2015

- Sikra vedtak om kommunal drift av pleie- og omsorgstenestene frå 2020
- Bygd Austevollbadet og fått frivilligsentral
- Starta utbygging av Austevoll ungdomsskule
- Ferdigstilt utbygging på Selbjørn og Storebø skular
- Fått nye, flotte lokale til biblioteket i Bekkjarvik
- Flytta kommunehuset til nye lokale i Storebøportalen
- Fått barnetrygda ut av inntektsgrunnlaget for personar som mottek sosialhjelp
- Senka prisen på SFO for familiar med låg inntekt
- Prioritert tidleg innsats i skulen, og kommunalt spesialpedagogisk team i barnehagane
- Starta arbeidet med Austevollpakken
- Teke i mot flyktningar
- Sikra betre løn- og tilsetjingsvilkår for avlastarar
- Auka satsar til støttekontakter
- Ungdomsråd
- Hatt ekstern gjennomgang av kommuneøkonomien og starta effektivisering
- Sikra PC til alle elevar i skulen
- Auka vedlikehaldsmidlar til kyrkjene



Nominasjonslista vår

Nr	Fornavn	Etternavn	Sted	Fødselsår
1	Anja	Heggholmen	BEKKJARVIK (komulert)	1968
2	Håvard Endre	Waage	STOREBØ (komulert)	1972
3	Inga Margrethe	Fagerbakke	BEKKJARVIK (komulert)	1985
4	Rune	Fagerbakke	STOREBØ	1973
5	Isabell	Heggen	VESTRE VINNESVÅG	1975
6	Michael	Ek	BEKKJARVIK	1975
7	Jeanette	Heggen	VESTRE VINNESVÅG	1998
8	Ulla-Maija	Sieppi	STOREBØ	1973
9	Bjørn Eirik	Klepsvik	BAKKASUND	1945
10	Ketil	Helland	VESTRE VINNESVÅG	1969
11	Ingrid	Møgster	STOREBØ	1961
12	Johanna Malena Økland	Nordeide	TORANGSVÅG	1998
13	Ann Desiree	Brekke	STOREBØ	1966
14	Johannes	Fagerbakke	BEKKJARVIK	1982
15	Ingrid Kristina Danielsen	Henriques	TORANGSVÅG	1988
16	Ole Andre	Austevoll	TORANGSVÅG	1994
17	Geir	Johannessen	VESTRE VINNESVÅG	1967
18	Trude	Bjånesøy	STOREBØ	1968
19	Kari Berge	Jørgensen	BEKKJARVIK	1967
20	Mariann	Birkeland	STOREBØ	1968
21	Ragnfrid	Mangor-Jensen	STOREBØ	1968
22	Jane Kirsti	Stangeland	STOREBØ	1954

